Solund kommune

Tilleggsinnkalling

Utval:	FORMANNSKAP
Møtestad:	Møterommet
Dato:	05.09.2019
Tid:	Kl. 09:00

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Solund kommune
02.09.2019

Gunn Åmdal Mongstad
-ordførar-

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
071/19	Økonomisk stode i Solund Ungdomslag/Solund Grendahuset	
072/19	Tilbod om kjøp av eigedom	

Solund kommune

Arkiv:	K2-D12
ArkivsakID:	19/310
JournalpostID:	19/2478
Sakshandsamar:	Anne Kristine Dyrdal
Dato:	24.08.2019

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
071/19	FORMANNSKAP	05.09.2019
	KOMMUNESTYRE	

Økonomisk stode i Solund Ungdomslag/Solund Grendahuset

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Admnistrasjonssjefen får fullmakt til å inngå ein avtale med Solund Ungdomslag om leige av lager og øvingslokale 1 gong per veke til Solund skulemusikk.
Solund skulemusikk skal i tillegg kunne nytte Solund Grendahus sitt møterom inntil 6 møter i året, etter nærare avtale med Solund Ungdomslag.

Avtalen si varigheit inntil 2 år med leigekostnad maksimalt kr. 6500 i månaden. Avtalen skal tre i kraft 01.01.2020 og vert å innarbeide i økonomiplan og budsjett frå 2020.

Adminstrasjonssjefen får fullmakt til å peike ut ein person frå administrasjonen som skal vere med i ei gruppe som skal sjå på løysingar for Solund skulemusikk på lengre sikt.

Vedlegg i saka:

15.05.2019	Orientering om den økonomiske stoda i Solund Grendahus "Huset i bygda"
28.08.2019	Søknad om øvingslokale til øving og lager Solund skulemusikk

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:
Den økonomiske stoda i Solund Ungdomslag.

Saksutgreiing:

Ungdomshuset som stod i Brattelia brann ned i 1967. Det vart med mykje dugnadsinnsats og stort engasjement i bygdfolket bygd opp eit nytt, større og meir tidsmessig hus i Håneset. Grendahuset, med tilhøyrande kai og uteområde, stod

ferdig i 1972. Etter kvart vart det behov for ei oppgradering og i 2008 vart gjort ein del. Kaia vart oppgradert, og Grendahuset og Solund kommune fekk i felleskap laga til ein veg ned til kaia.

I 2011 vart prosessen med å oppgradere huset starta. Dette vart gjort for å for å hindre vidare forfall og få eit bygg som kunne stette dagens krav mellom anna til universell utforming og branntryggleik. Det vart gjort ein stor jobb for å skaffe pengar og søke om midlar til oppgradering. I denne prosessen bidrog Solund kommune med totalt 750.000 kr i driftstilkot over to år (2014 og 2015). Det vart også teke opp lån, der Solund kommune stillte garanti for kr. 250.000 av lånet. I 2014 var huset stort sett ferdig med eit stort uteområde med høve for camping. Inne har dei fleste rom fått ei oppgradering og det er bygd på vestibyle, ungdomsklubb, møterom og servicebygg til campingområdet. Det står att litt utbetringar, men huset framstår som moderne og tiltalande,. Huset vert no brukt til mange arrangement både i privat og offentleg regi.

I brev 11. mai opplyser Solund ungdomslag (SUL) at dei har per då eit lån på om lag 1.700.000 kr, dette gjer at laget har faste utgifter på om lag 11.000 kr i månaden. Laget er difor avhengig av faste inntekter. Det er i dag ikkje tilstrekkelege inntekter til å klare å betale lånet slik stoda er, slik at laget har sett seg nøydd til å nytte av oppsparte midlar for å betale lånet. Likviditeten i laget er oppgjeve å vere positiv fram til og med oktober.

Det vert opplyst i same brev at det har vore gjort forsøk på å involvere fleire for å kunne arrangere fleire arrangangement. Dette kunne ha skapt meir inntekter, men det har synt seg vanskeleg. SUL har gått i forhandlingar med banken om reduksjon av lånerenta, men dette har det førebels ikkje kome noko resultat ut av. Det har også vore kontakt med Noregs Ungdomslag (NU) om overtaking av huset. Dettte er ikkje aktuelt så lenge SUL eksisterer. Dersom laget vert lagt ned kjem kjem NU inn og realiserer verdiane, det vil seie sel huset, og sikrar at gjelda til laget vert nedbetalt.

Solund ungdomslag som driftar Grendahuset har i brev av 11. mai 2019, bede om at Solund kommune bidreg til ei løysing på den vanskelege økonomiske stoda. Det er lagt føre eit ynskje om at Solund kommune dekkar kostnadane med innreiing av servicebygget og Loftskrok (ungdomsklubb). Det er også eit ynskje om at kommunen stiller garanti for lånet, dette vil gje ein vesentleg lågare rentekostnad.

Per august har laget faste leigeinntekter på huset på kr. 4500 kr / månad, men denne avtalen vil falle bort frå nyttår. Solund kommune har betalt om lag 100.000 i husleige til Grendahuset både i 2017 og i 2018. Dette har hatt samanheng med at vaksenopplæringa har nytta lokala til undervisning, i tillegg til anna leige.

Vurdering:
Det kan spørjast om det kan finnast ei løysing som kan bidra til å løyse den økonomiske stoda til Solund Ungdomslag samtidig som ein løyser andre problemstillingar i lokalsamfunnet.

I brev brev av 27. november 2017 og 25. august 2019 søkjer Solund skulemusikk om øvingslokale, lager og møterom. Skulemusikken opplyser at dei lagrar instrumenta på loftet i Idrettsbygget, i to ulike rom. I tillegg står nokre instrument i vestibylen på idrettsbygget. Dette er ei dårleg løysing som gjev vanskeleg tilgjengelege lagringforhold og slitasje på utstyr. Det er heller ikkje noko godt møterom eller gode nok øvingslokale i idrettsbygget. Skulemusikken har behov for eit

lager på om lag 80 m2 med varme, for å lagre instrumenta sine. Det er også behov for at øvingslokale og lager er i nærleiken av kvarandre, der det er enkelt å transportere utstyret inn og ut til øvingslokale og til transportmiddel.

Å finne lokale til Solund skulemusikk var diskutert i samband med ny ungdomsskule, men det lukkast ikkje å finne rom for dette i den prossesen.

I e-post av 28. august 2019 opplyser Solund ungdomslag at det er det er aktuelt å leige ut lageret til Solund skulemusikk. Dei kan leige det ut til 8000 kr per månad. Dei ser på denne løysinga som ei kortsiktig løysing og ynskjer eit tilbygg til lager til skulemusikken. Lageret som er aktuelt ha eit totalt areal på 25,8 m2, men inneheld ein naudutgang som opptek 4-6 m2 av dette arealet. Ved å nytte hylleløysingsar kan ein likelvel oppnå minimum 35 m2 i areal, noko som i ein kortare periode er akseptabelt for skulemsuikken.

Solund skulemusikk er ein institusjon i Solund, med om lag 55 medlemmer. Dei gjer det særs godt i konkurransar, bidreg på mange arrangement som er i Solund og dei arrangerer konsertar sjølv. Solund skulemusikk er med på å skape bulyst i bygda og sette Solund på kartet. Skulemusikken har ein viktig funksjon som eit alternativ til andre aktivitetar i Solund.

Grendahuset er eit samlingspunkt til dans, bryllaup, gravferd, fødselsdagar, kommunestyremøter med meir.

Adminstrasjonssjefen vurderer det slik at det det kan vere ulike bidrag som kan vere aktuelle:

- Leige lokale til lager, møterom og øvingslokale til Solund skulemusikk
- Bruke lageret på loftet på barneskulen
- Solund kommune stiller garanti for heile elle delar av lånet (må godkjennast av Fylkesmannen ved garanti på over 500.000 kr.)

Løysingar som <u>ikkje</u> er aktuelle grunna lovlegheit:

- Solund kommune gjev næringslån

Administrasjonssjefen vurderer det slik at å bruke lageret på barneskulen vil framleis vere ei dårleg løysing, som er vanskeleg tilgjengeleg og vil vere ei løysing som knappast vil vere eit framsteg for Solund skulemusikk. Det vil heller ikkje løyse ynskjet om ein betre øvingslokale og møterom.

Administrasjonssjefen vurderer det slik at ei mellombels løysing kan vere at Solund kommune leiger lagerplass, møterom 6 ggr i året og øvingslokale 1 ggr i veka til Solund skulemusikk i Grendahuset. Ein tilrår at Solund kommune betalar 6500 kr per månad. Ein tilrår at det vert sett ned ei gruppe frå dei ulike aktørane som kan sjå på ei permanent løysing for skulemusikken.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Solund Kommune
Hardbakke 26
6924 Hardbakke

Hardbakke 11.05.19

Orientering om den økonomiske stoda i Solund Grendahus «Huset i bygda»

Det gamle ungdomshuset som stod i Brattelia brann ned til grunnen i 1967. Med mykje dugnadsinnsats, stort engasjement og sterke krefter blant bygdefolket vart det bygd oppatt eit nytt, større og meir tidsmessig hus på tomta der det står i dag. Det nye Grendahuset i Håneset med tilhøyrande kai og uteområde stod ferdig i 1972.

Etter mange års bruk trengde etterkvart huset, og kaia på området oppgradering. Dette vart det planlagt og jobba med i styret i mange år, men på grunn av økonomi vart det ingen realitet.

Vi i sittande styre sidan 2008, med Mariann som leiar, bestemte oss for at dette var ei sak vi ville ta tak i att.

Det vart sett i gang planlegging for å få oppgradert kaiområdet, som var til nedfalls og var farleg å ferdast på. Dette fekk vi til i samarbeid med Redningsselskapet òg mellom annan stor pengestøtte frå Gjensidigestiftelsen. Kommunen stod som byggherre for veganlegget, noko som var til god hjelp for oss

Med eit stabilt styre starta vi i 2011 planlegging for å få oppgradert Grendahuset. Dette for å hindre vidare forfall og få eit bygg som kunne stette dagens krav til mellom annan universell utforming og branntryggleik. Det vart då oppretta ei eiga byggjenemnd for prosjektet. Styret og byggenemnda gjekk saman og starta pengeinnsamling med loddsal, sal av parkeringsplass til Sunnfjord Energi og søknadar etter pengemidlar hos Kommunen, Fylkeskommunen, lokale bedrifter og private, som vi var avhengig av for å få ein startkapital til prosjektet. Med startkapitalen på plass fekk vi lån og arbeidet med oppgradering kunne starte. I 2014 stod endeleg det nye flotte Grendahuset med eit stort uteområde ferdig. Underveis i utbyggingsprosessen leigde vi heile tida ut Grendahuset til arrangement, for å få all den inntekt vi kunne få til prosjektet.

Alt gjekk etter planen og vi fekk eit fint oppgradert hus, kaianlegg og uteområde. Nokre rom måtte vi sette på «vent» fordi vi innsåg at vi ikkje hadde økonomi til å ferdigstille dei ved opninga av resten av huset. Men det vart etterkvart kravd at vi måtte få til bubiloppstilling med tømmetank for septik, og servicebygg/m toalett/dusjar og at Loftskroken vart opna for ungdomsaktivitet att. For å finansiere dette søkte vi mellom annan om støtte frå lokalt næringsfond, der vi fekk avslag. Men lokala kom på plass utan at det vart tatt opp meir lån, og utan nokon form for økonomisk støtte. Med dette forsvann alt vi hadde av oppsparte midlar på konto. Dette var midlar vi skulle ha i «bakhand» til nedbetaling av lånet nokre år framover i tid. Vi ser i ettertid at vi ikkje skulle starta innreiing av servicebygg og Loftskroken utan offentleg tilskot

Det som idag gjenstår ved bygget som vi stadig får påminningar om må utbetras/oppgraderas, er dei gamle toaletta. Men dette fins det ikkje lenger økonomi til i laget.

Pr. idag har ungdomslaget totalt 1,7 mill. i gjeld. Vi er heilt avhengig av faste inntekter for å klare å betjene lånet. Kommunen har nytta huset i stor grad og er såleis ein viktig bidragsytar for oss. Dei

siste åra har også bygget vert nytta til vaksenopplæring, der vi har fått inn faste inntekter som har vore kjærkommen og betryggande for oss.

Situasjonen pr. idag, er at vi ikkje lenger får inn nok inntekt til å kunne betjene lånet og betale dei faste driftsutgiftene vi har i laget, samt dei uforutsette utgiftene som stadig dukkar opp.

Vi har sett oss nøydd til å ta kontakt med Noregs Ungdomslag, for å høyre kva som vil skje då vi ikkje lenger klarar å handtere utgiftene våre. Men der er det lite hjelp å få!. Vi vart av dei oppmoda om å auke inntektene, samt å prøve å få fleire folk med oss å lage arrangement.

Vi har prøvd mykje for å auke aktivitetane i Grendahuset. Det har vist seg at interessa og engasjementet blant bygdefolket for å lage inntektsbringande arrangement for laget ikkje lenger er så stor. Det blei mellom annan inviterte til idemyldringsmøte i Grendahuset i 2018, der vi spelte ballen over til innbyggarane sjølv. Dei fekk då moglegheit til å sjølv arrangere dei arrangementa dei sakna i kommunen, med hjelp av oss i styret og der laget tok utgiftene/inntektene. Men ingen møtte opp.

Styret har også erfart at det er tungt og vanskeleg å lage arrangement. Dette fordi det er ein stadig kamp for å finne frivillige til mellom annan å stille som vakter.

I samtale med Noregs ungdomslag kom det fram at dei ikkje vil overta huset så lenge Solund Ungdomslag består. MEN dersom vi legg ned ungdomslaget, ville dei komme inn for å realisere verdiar (dvs. selge). I løpet av ein 6-års periode vil dei då sørgje for at det ikkje lengre er gjeld i laget. Ved eit evt. sal ville då banken ta seg av salget.

Solund Ungdomslag ber om eit møte med Solund Kommune for å sjå etter løysingar på denne vanskelege økonomiske situasjonen . Kan kommunen til dømes dekke kostnader med innreiing av servicebygg og Loftskrok? Sjå vedlegg

Vidare ynskjer vi å drøfte ein kommunal garanti på lånet slik at renta blir vesentleg lågare

Vi vonar alle ser verdien av å ha eit kulturhus i lokalsamfunnet, og håpar at vi saman finn ei god løysing .

Med helsing

Styret i Solund Ungdomslag

Epost: vigdis.ravnoy@havtal.no

Mariann H. Steinøys Vigdis Ravnoy Ivene Odde Valu Randi Storøy and Sølvi F. Drengenes

Solund Kommune

6924 Hardbakke

Solund Skulemusikk

Postboks 46

6921 Hardbakke

Hardbakke 25/8-19

Behov Solund Skulemusikk

Øvingslokale

Solund Skulemusikk treng egna øvingslokale. Det hadde vore svært positivt med eit øvingslokale der til trommeutstyr kan stå framme. Det er ein stor fordel med nærhet mellom lager og øvingslokaler, med tanke på effektiv transport, mindre slitasje på instrument og lettare organisering av til dømes semniarhelger.

Lager

Solund Skulemusikk har behov for eit større og meir samla lagerkapasitet. (i dag har vi eit lite lager i utstyrsavdelinga i idrettsbygget og eit lite lager på loftet i idrettsbygget. Det står og lagra konserttomme og xylofon i resepsjonen til svømmebassenget.)

Vi har behov for lagringsplass til:

Instrument

Trommeutstyr

Notearkiv og kontorutstyr

Stand- og messeutstyr

Uniformer

Div Salgsartikler

Arkiv for Solund Skulemusikk

Div. Utstyr til 17.mai, basar, bingo, julemesse, korspturer osv.

Møterom

Solund Skulemusikk har i dag møte i vestibylen på Idrettsbygget. Dette er ueigna lokale for styremøte.

Det er ein stor fordel å ha møterom i tilknyting til lager og øvingslokale.

På styremøte kan vi vere opp til 15 stk, dirigenter, tillitsvalte frå korpset og styremedlemer.

Vi ser for oss eit lager på 80 kvadrat bruksareal med varme. Det må vere tilgang til lager frå salen og parkeringsplass.

Mvh.

Solund Skulemusikk

V/ Leiar Siv Einen Paulsen

Solund kommune

Arkiv:	K2-L00
ArkivsakID:	19/438
JournalpostID:	19/2489
Sakshandsamar:	Anne Kristine Dyrdal
Dato:	26.08.2019

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
072/19	FORMANNSKAP	05.09.2019

Tilbod om kjøp av eigedom

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap bed om at adminstrasjonssjefen og ordføraren går i forhandlingar med etterlatte om kjøp av gbnr. 26/47 og 26/54 i Solund, som er eigd av Paul Takle AS.

Eventuelt kjøp og finansiering leggast fram i eiga sak til kommunestyret.

Vedlegg i saka:
28.08.2019 Kartutsnitt Hardbakke 26 47

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Tilbod om kjøp av eigedom.

Saksutgreiing:

Sommaren 2019 fall Gustav Takle frå. Gustav Takle eigde fleire område i og ved Hardbakke. Nokon av areala eigde han via selskapet Paul Takle AS. Areala er sentrumsnære og aktuelle for bruk i ei vidare utvikling av Hardbakke. Etter at Gustav Takle fall i frå, har Solund kommune blitt kontakta av etterlatte om kjøp av eigedom. Gustav Takle eigde to eigedommar (Sildevika og søre del av utmark mot Kråka), medan Dan Takle eig Taklegarden og Paul Takle AS eig hamneområdet.

Solund kommune har vorte kontakta med spørsmål om kommunen kunne ha interesse av å kjøpe arealet eigd av Paul Takle AS. Dei etterlatte har i møte med administrasjonssjef og ordførar signalisert eit sterkt ynskje om at arealet skal nyttast til samfunnsmessige føremål og vere lokalt eigd. Dei ynskjer primært at det er Solund

kommune som skal overta eigedomen.

Solund kommune har vedteke oppstart av reguleringsplan for Hardbakke og ein er midt inne i arbeid med rullering av kommuneplanen. Det vil difor vere naturleg at kommunen også drøftar bruken av dei andre areala på noko lengre sikt.

Ved ei eventuell overtaking, kan det forhandlast om å kjøpe eigedommen eller å kjøpe aksjane i aksjeselskapet Paul Takle AS.

Vurdering:
Adminstrasjonen meinar at den aktuelle eigedommen er strategisk viktig for utviklinga av Hardbakke i framtida og at kommunalt eigarskap kan sikre denne utviklinga.
Adminstrasjonen tilrår å gå i forhandlingar med etterlatte om kjøp av gbnr. 26/47 og 26/54.

Eventuelt kjøp og finansiering leggast fram i eiga sak i kommunestyret.

Etter endeleg vedtak utskrift til:


119309
049309
049308
188812
188813
188815
188814
26/14
188801
188802
188803
188804
188805
188806
188807
188811
128701
128702
128703
128704
128705
26/47
26/5
26/105
35
33
31
37B
37C
37A
39
219701
219702
219703
219711
219716
219712
219713
219705
219707
219708
089604
089606
089607
089608
089609
089603
089602
N
Soluind kommune 26/47
Målestokk 1:500
Solund kommune